



Til elevar og føresette ved Øyra skule

Informasjon om tilsyn ved Øyra skule

Statsforvaltaren har som ei av våre oppgåver å kontrollere at skular følgjer lova. Slik kontroll kallar vi tilsyn. Vi skal no gjennomføre tilsyn med elevane sitt skulemiljø ved skulen din.

I opplæringslova er det mange reglar som seier korleis du og dei andre elevane skal ha det på skulen. Ein av reglane er at alle elevane skal ha det trygt og godt. Alle som jobbar på skulen skal kjenne reglane, og følgje dei. Det er kommunen som er ansvarleg for at skulen følgjer reglane.

I dette tilsynet skal vi mellom anna sjå på:

- korleis dei som jobbar på skulen undersøker saka dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen
- korleis dei som jobbar på skulen undersøker saka dersom ein som jobbar på skulen krenker ein eller fleire elevar
- korleis skulen oppfyller plikta til å setje inn tiltak slik at elevane får eit trygt og godt skulemiljø
- korleis kommunen jobbar for å passe på at skulen følgjer reglane

Alle barn har rett til å vere trygge på skulen, og det er viktig at kommunen arbeider for at alle elevane får ein trygg og god skulekvardag.

Korleis gjennomfører vi tilsynet?

I tilsyn vil vi be kommunen om å sende oss enkelte dokument som vi bruker når vi skal kontrollere og vurdere skulen.

Når vi fører tilsyn, er det veldig viktig for oss at elevane får høve til å delta og gi informasjon. Elevane er blant dei som kjenner skulen best. Nokre gonger har vi derfor samtalar med utvalde elevar og føresette. Vi vil då gjerne høre korleis elevane har det på skulen. Det som blir sagt til oss i samtalane, vil ikkje bli brukt slik at nokon kan kjenne att kven som har sagt det. Det er frivillig for elevar og føresette å snakke med oss.

Vi skal også snakke med assisterarar, lærarar, rektar og tilsette i kommunen. Vi vurderer den skriftlege informasjonen saman med informasjonen frå alle samtalane. Deretter skriv vi ein rapport om skulen, der det står om vi meiner at skulen følgjer lova eller ikkje. Nokre gonger følgjer ikkje skulen alle reglane i lova. Vi vil då fortelje kommunen at dei må rette opp feila, slik at skulen følgjer reglane. Rapporten vert lagt ut på våre nettsider når han er endeleg.

Har de spørsmål om tilsynet kan de kontakte underteikna, enten på telefon 71 25 85 65, eller e-post jorunn.nesje@statsforvalteren.no



Med vennleg helsing

Jorunn Øen Nesje - tilsynsleiar